



Erlend Moen – takkar for seg som styreleiar for Aktivitetshuset.

Under generalforsamlinga til Uskedal Aktivitetshus 6. mars går to nøkkelpersonar ut av styret – leiar Erlend Moen og dagnadsansvarleg Jan Berntsen. Moen opplyser til uskedalen.no at valnemnda slit med å få erstatta dei to med nye krefter og han kjem med ein sterk appell til interesserte om å melde seg til teneste.

- Styrearbeidet i Aktivitetshuset er ikkje noko som bør skremma nokon frå å delta. Fram til no har arbeidet i storgrad vore knytt til dagnadar og ferdigstilling av hallen. Dette er straks unnagjort, så for neste styreperiode vil arbeidet vera knytt opp til den daglege drifta av hallen og då spesielt med å generere aktivitet som igjen gjev inntekter, seier Moen.

Han strekar under at økonomien i hallen er under kontroll. Huset har gått med overskot dei siste åra tross store investeringar. Leiinga har mange interessante idear som dei jobbar med å få sett ut i livet og som vil kunne skapa liv og røre i bygda og sikra økonomien i prosjektet. Det er mykje ledig kapasitet i helgane.

Det største lånet vil vera nedbetalt om seks år. Då vil den økonomiske situasjon vera mykje betre og ein kan arbeida vidare med utvikling av hallen og tilbodet der.

- Eg håpar at interesserte vil ta kontakt med oss så snart som mogeleg, vi treng dyktige folk, seier Moen. Leiarav valnemnda er Bjarte Døssland, som har mailadressen bjarte.dossland@hdco.no. Sjølv har han erlend@ljosnes.no.

Dei andre som no sit i styret er Vidar Haugland (med utleige som funksjon), Anne Guri Kildal Haugland (kontakt mot kommumem) og Odd Steinar Arnesen (representant for idrettslaget). Arnesen tok over etter Janne Yri frå årsskiftet.

Det går fram av årsrapporten at det i fjor vart loggført 275 timar dugnadsarbeid, og det er eit imponerende tal. Utan denne ekstraordinære innsatsen frå bygdefolket hadde det ikkje vore mogeleg å driva hallen.

- Heldigvis ser vi no at alt arbeidet nærmar seg slutten og hallen nærmar seg ferdigstilling. Primus motor for dugnadsarbeidet har vore Jan Berntsen, som gjer ein fantastisk innsats både med å skaffa folk og ikkje minst sjølv delta i arbeidet, heiter det i årsrapporten.

Men sjølv om Berntsen no går ut av styret, vil han framleis vera "dugnadsansvarleg" inntil hallen er ferdig.



Drifta gjekk med balanse i fjor, sjølv om ferdigstillinga gav store utgifter. Dette er finansiert med eit tilleggslån. Det er god kontroll med driftsutgiftene, men det er viktig å vera nøkterne så lenge låneforpliktingane er så store. Eit mål må vera å byggja opp eit fond som kan nyttas til ekstraordinære kostnader.

Jan Berntsen, som har leia dugnadane, takkar for seg i styret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årsrapporten roser mellom andre "Damevennene" som overførte 92.000 kroner til Aktivitetshuset i fjor. I tillegg har dei investert i kjøkkeninnreining og utstyr til kjøkenet.

Dei er ei umisteleg inntektskjelde og gjer ein fenomenal innsats, held styreleiaren fram.

Av Ola Matti Mathisen